

Ber leiarar vurdere kven som kan arbeide heimefra

12. mars: Alle i Ålesund kommune som har ei teneste som gjer at ein kan arbeide frå heimen, skal gjere dette. Det har kriseleiinga i kommunen bestemt torsdag morgon.

Dei som har VPN-tilgang bør etablere seg med heimekontor så raskt som mogleg, etter avtale med leiar.

Dei som ikkje har VPN skal gjere følgande:

- Leiarane i kvar eining må meld inn behov for VPN til Kristin.Alvestad@alesund.kommune.no
- Dei må sende inn fullt namn og mobilnummer til dei som skal ha tilgang.
- Leiaren skriv då ein enkel oversikt over dei viktigaste systema som brukeren/brukergruppa treng tilgang.
- IT-avdelinga tildeler VPN. Det er viktig å hugse at installasjon av VPN må gjerast medan maskina er på eit lokalt nett. Det vil seie på arbeidsplassen
- Tilsette med stasjonær PC tek med denne heim, dersom den tilsette ikkje har berbar PC.

VPN-tilkobling

For å få tilgang til kommunen sitt nettverk utafra, som å arbeide med dokument på filserveren heimefra, må ein bruke VPN-tilkobling. Ein VPN-tilkobling er ein datatilkobling som har blitt sikra med kryptering.